

Uskedal utvikling skal ha møte med ordføraren på fredag.

30.10.2017



Sentrumsutvikling er eit av mange tiltak i Hanslingsplan for Uskedal utvikling.

I ein valperiode der Uskedalen ikkje har folkevald representant i K.styret og i råd/utval er det viktig med eit godt samarbeid med kommunen, administrativt og politisk. Styret i Uskedal utvikling har fått til ein avtale med Peder Sjo Slettebø i denne veka der ein vil ta opp ulike sentrale spørsmål for å koma vidare i arbeidet med utvikling og vekst i Uskedalen. Det er i forkant høve til å mælda inn saker til styret.
Nedanfor er lista opp noko av det som vert drøfta på møte.

- *Sentrumsplan med oppstart 2018 (Jfr. Strategiplan for plansaker)*
- *Nokre tilpassingar i sentrum for å sikra trafikktryggleik*
- *Fartsdempande tiltak i sentrum*
- *Gang- og sykkelveg til Steinsletto - status og tid for planstart*
- *Vedlikehald på grusa veg til Fjellandsbø: Privat grunn - kommunalt ansvar med vedlikehald*
- *Prosjektet betre infrastruktur i Uskedalen - elvefiske, klatring og friluftsliv*
- *Eldrebustader og bufellesskap i sentrum*

Uskedal utvikling går ikkje inn i saker der vi veit at privat utbyggjar har planprosess og god styring.. Dersom du har saker/tiltak som ikkje er på lista, meld frå.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal